

RETTLEIING VED UTFORMING AV VEDTEKTER FOR HOVUDFOREININGAR

Vedtekter er organisasjonen si "grunnlov". Vedtektene skildrar blant anna kva formålet med organisasjonen er, kva den jobbar for, kven som kan verte medlem, kva som krevjast av medlemmane og korleis organisasjonsdemokratiet fungerer. Vedtektene er ein reiskap som skal sikre at organisasjonen arbeider i riktig retning. Dei gjev grunnlag for ei demokratisk og god drift av organisasjonen, og sikrar rettferd og likskap for alle, uavhengig av person og verv.

I dokumentet finn du forklaringar til dei ulike paragrafane, i tillegg til bakgrunn for forbundsstyret sine tilrådingar som er føreslått praktisert i mal for vedtekter for hovudforeiningar.

Då ei hovudforeining er eit mellom nivå i organisasjonen er den ikkje kvalifisert til frifondstøtte frå LNU, men ligg under einskilde krav frå Fordelingsutvalet som gjeld organisasjonen som heilskap.

Ang. malen sine fargegodar:

- *Tekst som er skriva i **svart** er tilråding til paragrafar som vedtekter for hovudforeiningar bør innehalde, i tillegg til forslag til formulering av teksten.*
- *Tekst som er skriva i **blått** er element som er fastsett av nasjonale vedtekter eller vedtekne retningslinjer. Desse må difor ivaretakast i alle vedtekter.*
- *Tekst som er skriva i **oransje** er tekst der hovudforeininga sjølv må fylle inn informasjon.*
- *Tekst som er skriva i **raudt** er tilråding til tekst på paragrafar som berre vil vere aktuelle for nokre hovudforeiningar.*

§1 NAMN OG DEFINISJON

Her skriv ein inn hovudforeininga sitt fulle juridiske namn og kva krins/region hovudforeininga er knytt til. Det er tilrådd at alle namn vert skriva med KFUK-KFUM fyrst, i tråd med gjeldande føring for krinsar og regionar. Ei eventuell endring av namn må meldast inn til Brønnøysundregisteret saman med oppdaterte, godkjende vedtekter.

§2 FORMÅL OG FORPLIKTINGAR

Punkta i dette avsnittet handlar om KFUK-KFUM (inkl. einingar/hovudforeiningar/krinsar) sine forpliktingar som er fastsett av landsmøtet. Alle einingar/hovudforeiningar/krinsar må ha desse punkta som ein del av sine vedtekter.

Formålet må eksplisitt vere uttrykt i sin heilskap (ref. Noregs KFUK-KFUM sine vedtekter §1.5 pkt. 1), men det er opning for å føye til andre ting til formålet – og ev. legge til andre forpliktingar.

§3 OPE MEDLEMSKAP

KFUK-KFUM praktiserer ope medlemskap. Det betyr at hos oss kan alle som vil delta. Det er eit krav frå Fordelingsutvalet¹ og LNU² at vedtektene ikkje skal skape hinder for full deltaking for born og ungdommar frå alle samfunnsgrupper, uavhengig av kjønn, etnisitet, religion, nedsett funksjonsevne eller seksuell orientering. Dette er likevel ikkje eit hinder for å opprette grupper for ei spesifikk målgruppe som til dømes eigne KFUK-grupper.

Angående vedtektsmalen sin "... i tillegg til ei eventuell hovudforeiningsavgift og/eller aktivitetsavgift til ei tilslutta lokal eining."

Hovudforeiningar har moglegheit til å ta inn hovudforeiningsavgift frå direkte medlemmar og medlemmar i einingar som er knytt til hovudforeininga.

For å krevje inn hovudforeiningsavgifta frå hovudforeininga sine direkte medlemmar, registrerer ein avgifta i Connect. Direkte medlemmar vert girert for avgifta og betaler den direkte til hovudforeininga via sentral innkrevjing.

For hovudforeiningar som også skal ta inn hovudforeiningsavgift frå medlemmar i einingar knytt til hovudforeininga, må dette taksast inn manuelt, då det i medlemssystemet per d.d. ikkje er noko løysing for dette. I slike tilfelle gjeld følgjande praksis:

- Hovudforeininga sitt årsmøte (der direkte medlemmar og medlemmar i einingane har representasjonsrett) vedtek ei eventuell hovudforeiningsavgift og praksis for korleis denne skal betalast til hovudforeininga (sjå under). Overføring av betalinga til hovudforeininga vil gå utanfor forbundet si sentrale innkrevjing og må gjerast manuelt.
- Einingar som er knytt til hovudforeininga har ansvar for å legge den vedtekne hovudforeiningsavgifta inn i eininga si aktivitetsavgift slik at eininga sine medlemmar berre får tilsendt éin medlemsgiro.

Døme:

Vedteke hovudforeiningsavgift: 50kr

Vedteke aktivitetsavgift i eininga: 50kr

Avgift som eininga registrerer i Connect (og som då vert ståande som lokal aktivitetsavgift på medlemsgiroen til eininga sine medlemmar): 100kr

- Hovudforeiningsavgifta betalast til hovudforeininga på til dømes ein av følgjande måtar:
 - o Eininga overføre hovudforeiningsavgifta når den har fått lokal aktivitetsavgift frå forbundet nasjonalt. Hovudforeininga har ansvar for å legge til rette, purre og følgje opp einingane.
 - o Hovudforeininga fakturerer einingane for hovudforeiningsavgifta på bakgrunn av eininga sitt medlemstal.

¹ Fordelingsutvalet sitt regelverk §2c

² LNU sine retningslinjer for Frifond organisasjon 2017 §4.1

§4 KRISTENT LEIARSKAP

Norges KFUK-KFUM praktiserer kristent leiarskap. Landsmøtet har vedteke praksisen i dei følgjande paragrafane som står spesifisert i Norges KFUK-KFUM sine nasjonale vedtekter. Alle vedteker må difor innehalde desse.

Framvising av politiattest vert implementert i 2017

Alle einingar/hovudforeiningar/krinsar skal ha minst éin ansvarleg vaksenleiar over 18 år som har vist fram politiattest og skrive under «*Utvidet egenerklæring for Norges KFUK-KFUM*». Til forskjell frå «*Egenerklæring for ledere i Norges KFUK-KFUM*» som alle leiarar over 15 år må signere, inneheld den utvida egenerklæringa også vedkjenning om kristen tru. Dette for å ivareta forbundet sitt krav om kristent leiarskap (ref. KFUK-KFUM sine vedtekter §1-5).

Alle tillitsvalde og leiarar i Norges KFUK-KFUM skal skrive under «*Egenerklæring for ledere i Norges KFUK-KFUM*». Det er eit krav frå Fordelingsutvalet³ at alle medlemmar skal kunne veljast til styret. Det er difor ikkje eit krav hos KFUK-KFUM at medlemmar som stiller til val, må vedkjenne kristen tru. Styreleiarar og andre medlemmar i styret er oppfordra til å skrive under «*Utvidet egenerklæring for Norges KFUK-KFUM*», men må ikkje. For å ivareta den kristne leiarskapen i organisasjonen, er det difor eit krav at alle einingar/hovudforeiningar/krinsar har registrert ein ansvarleg vaksenleiar som har signert «*Utvidet egenerklæring for Norges KFUK-KFUM*».

Ansvarleg vaksenleiar kan, men må ikkje, vere den same som styreleiar. Ansvarleg vaksenleiar ser til at arbeidet vert drive i samsvar med Norges KFUK-KFUM sine vedtekter og formål, hjelper styret i økonomiske disponeringar, gjev styret og andre leiarar leiarstøtte ved behov, og er i tillegg ansvarleg for at alle leiarar og medarbeidarar over 15 år skriv under «*Egenerklæring for ledere i Norges KFUK-KFUM*» og viser fram politiattest.

For å ha tillitsverv i hovudforeininga, må ein vere medlem i KFUK-KFUM eller KFUK-KFUM-Speidaren. Tillitsverv inkluderer blant anna å sitte i styret og representerer på landsmøte.

I følge KFUK-KFUM sine vedtekter §2-1 pkt. 5 kan medlemmar i KFUK-KFUM-speidargrupper som er ein del av ei hovudforeining, ha tillitsverv i hovudforeininga, men kan ikkje representere hovudforeininga på krins-/region- og landsplan i Norges KFUK-KFUM. På same måte kan berre speidarar representere hovudforeininga på krins- og landsplan for KFUK-KFUM-Speidarane. Då KFUK-KFUM-Speidarane ikkje opererer med hovudforeiningar i sin organisasjonsstruktur, er det ikkje naudsynt å spesifisere dette i malen for hovudforeiningar.

§5 HOVUDFOREININGA SINE OPPGÅVER

På stadar/ i kyrkjelydar der det er fleire einingar som er meldt inn i Norges KFUK-KFUM og/eller Norges KFUK-KFUM-Speidarane, kan desse slutte seg saman i ei hovudforeining (ref. KFUK-KFUM sine vedtekter §2-1 pkt. 5). Hovudoppgåva til ei hovudforeining er å verke for einskap og samhold mellom einingane og støtte dei i deira arbeid. Andre oppgåver kan føyast til.

³ Fordelingsutvalet sitt regelverk §13b

§6 ÅRSMØTET

Årsmøtet er hovudforeininga sitt øvste mynde. Det betyr at det er eit møte der alle medlemmane i hovudforeininga er kalla inn med møte- og stemmerett, og dei kan vere med og bestemme korleis hovudforeininga bør jobbe, og med kva. Årsmøtet vert halde éin gong i året, gjerne i vårsemesteret. Vedtak gjort av årsmøtet kan ikkje endrast, og styret må følgje dei. For å ha stemmerett må medlemmane ha betalt medlemskontingenten. I vedtektene er det viktig at det vert nøye skildra kven som kan delta (sjå "Årsmøtet si samansetting"), korleis ein skal kalle inn til årsmøtet og kva årsmøtet skal behandle. Her må det også stå noko om tidsfristen for å send ut innkalling og sakspapir.⁴

KFUK-KFUM har lange demokratiske tradisjonar og forbundsstyret tilrår ein praksis med å halde årsmøte på alle nivå i organisasjonen. Eit demokratisk vald styre er eit krav dersom hovudforeiningar med direkte medlemmar ynskjer å kunne sende representantar på landsmøtet⁵ og er eit krav frå Fordelingsutvalet⁶. Eit demokratisk vald styre vert sikra ved val på eit årsmøte.

§7 ÅRSMØTET SI SAMANSETTING

I retningslinjene for Fordelingsutvalet⁷ og LNU⁸ står det at det må vere ei demokratisk oppbygging som sikrar alle teljande medlemmar som har fylt 15 år fullverdige, demokratiske rettar i organisasjonen, dvs. stemmerett, lik møterett, tale- og forslagsrett, og rett til å la seg velje som representant.

Det betyr at alle frå og med 15 år **må** ha stemmerett på årsmøter og rett til å stille til val i styret ol., men det seier ikkje noko om at det ikkje er tillate for dei under 15 år. Det vert tilrådd at ein på hovudforeininga – og krinsnivå vidarefører den nasjonale praksisen med at ein har stemmerett på årsmøtet i ei hovudforeining/krins når ein har fylt 15år. For å ha stemmerett på årsmøte må ein ha betalt medlemskontingent for gjeldane eller føregåande år.

Det er forbundsstyret si tilråding at det på hovudforeininga sitt årsmøte vert lagt opp til at alle frammøte over 14 år har stemmerett, dersom dei anten er direkte medlemmar i hovudforeininga eller i ei av einingane knytt til hovudforeininga. Ei anna mogleg ordning er at dei ulike einingane får moglegheit til å sende eit visst tal representantar med stemmerett fordelt etter tal medlemmar i einingane. Døme på vedtekstestekst ved ei slik ordning kan vere:

§7 ÅRSMØTET SI SAMANSETTING

§7.1 Årsmøtet er ope for alle medlemmar i hovudforeininga.

§7.2 Følgjande har stemmerett:

- A. Hovudforeininga sine styremedlemmar og varamedlemmar.
- B. Leiar i styrer og utval som er valde på hovudforeininga sitt årsmøte.
- C. Representantar frå hovudforeininga sine einingar:

- [Inntil 50 medlemmar: 2 representantar]

⁴ Tilråding frå Frivillighet Norge si «Frivillighetshåndboka»

⁵ Norges KFUK-KFUM sine vedtekter §2-1 pkt. 2

⁶ Fordelingsutvalet sitt regelverk §9

⁷ Fordelingsutvalet sitt regelverk §13b

⁸ LNU sine retningslinjer for Frifond organisasjon 2017 §5.3

- [Over 50 medlemmar: 4 representantar]

D. Direktemedlemmar i hovudforeininga har rett til representasjon på årsmøtet på lik linje med hovudforeininga sine einingar. Frammøtte direktemedlemmar vel sine representantar før årsmøtet startar.

§7.3 Det er ein føresetnad at alle representantane er medlemmar i hovudforeininga etter vedtektene sin §3 og har betalt medlemskontingent for gjeldande eller føregåande år. Medlemmar kan representere på årsmøtet med stemmerett frå det året dei fyller 15 år.

§7.4 Hovudforeininga sine tilsette har tale- og forslagsrett, men ikkje stemmerett. Tilsette kan ikkje møte som representantar for einingar/speidargrupper eller som direktemedlem.

§7.5 Inviterte gjester vert gjeve talerett.

§7.6 Representantar frå einingar møter med fullmakt.

For å ivareta direktemedlemmar sin demokratiske rett, er det viktig at desse også ha rett til representasjon på årsmøtet. Ved å gå for ein ordning der tal med stemmerett på årsmøtet er definert ut frå tal medlemmar i ei eining, må ein rekne alle direktemedlemmar som ei eiga eining (i følge KFUK-KFUM sine vedtekter §2.1 pkt.5) som får stemmerett etter fordelingsregelen som einingane føl. Dette for å hindre ei ujamn fordeling av stemmer ved at einingar berre har to-fire med stemmerett, medan ein gjev alle direktemedlemmar ei stemme kvar. Då direktemedlemmar ikkje har noko direkte forhold til kvarandre (slik som medlemmar i andre einingar har), må ein legge til rette for at frammøtte direktemedlemmar kan velje sine representantar i framkant av årsmøtet.

For hovudforeiningar med tilsette, vil tilsette i hovudforeininga ha tale- og forslagsrette, men ikkje stemmerett på årsmøtet. Tilsette kan ikkje møte om representantar for ein eining/speidargruppe eller som direktemedlem.

§8 ÅRSMØTET SINE OPPGÅVER

Årsmøtet behandlar blant anna rekneskap og årsmelding for føregåande år, og arbeidsplan og budsjett for komande år, i tillegg til å velje valkomité og styre. Årsmøtet fastset lokal aktivitetsavgift (lokal kontingent).⁹

Norges KFUK-KFUM skil mellom "årsrapport" og "årsmelding". I følge Norges KFUK-KFUM sine vedtekter må alle grupper som er innmeldt i KFUK-KFUM kvart år levere årsrapport for fjoråret. Dette er eit krav for å få frifond. Årsrapport er i denne samanheng ein rapport der gruppa blant anna:

- Stadfestar at medlemmane på lista førre år betalte medlemskontingent.
- Oppgjev kven som sat i styret 31.12 førre år, og datoen for kva tid dei vart valde.
- Oppgjev om gruppa har hatt drama-/teateraktivitetar i året som gjekk.
- Skriv kort om kva gruppa gjer, og nokre høgdepunkt i året som gjekk.

Årsrapporten vert levert via eit skjema i Connect.

⁹ Tilråding frå Frivillighet Norge «Frivillighetshåndboka» og LNU sin «Miniguide til styrearbeid»

I tillegg til årsrapporten som Norges KFUK-KFUM krev, er det vanleg at eininga/hovudforeininga/krinsen har ei årsmelding der ein gjev ei meir utfyllande skildring av aktiviteten i eininga/hovudforeininga/krinsen, enn årsrapporten som må leverast til Norges KFUK-KFUM nasjonalt. Det er ikkje krav frå Norges KFUK-KFUM (eller Fordelingsutvalget) at ein må ha ei årsmelding, men for mange andre støtteordningar er det eit vanleg krav at ein må ha ei årsmelding som er godkjend av årsmøtet.

Einingar som høyrer til ei hovudforeining skal sende årsmeldinga til hovudforeininga sitt styre slik at den kan bli teke til orientering på hovudforeininga sitt årsmøte. Hovudforeininga sitt styre har ansvar for å spørje etter desse i framkant av årsmøtet.

Fordelingsutvalet¹⁰ og LNU¹¹ krev at val av styre ikkje kan haldast sjeldnare enn annakvart år. Val kan skje anten ved direkte val på styreverv eller ved å velje alle medlemmar under eitt og så å delegere til styret å konstituere seg sjølv. På hovudforeinings – og krinsnivå vert det tilrådd å ha direkte val på verva styreleiar, styremedlemmar og varamedlemmar. Roller utover dette kan styret fordele sjølv.

Forslag på vedteksttekst dersom styret skal konstituere seg sjølv:

§8 ÅRSMØTET SINE OPPGÅVER

(...)

§8.12 Val:

- A. Val av styremedlemmar
- B. Val av varamedlemmar
- C. Val av revisor
- D. Val av valkomite

§11 STYRET SINE OPPGÅVER

(...)

§11.2 Styret konstituerer seg sjølv og vel styreleiar, nestleiar, kasserar og sekretær.

(...)

Det er vanlig at ein valkomité har ansvar for å finne kandidatar til styret, medan styret har ansvar for å finne kandidatar til valkomité.

Det er tilrådd å ha ein ekstern person som reviderer rekneskapen sjølv om hovudforeininga ikkje er revisjonspliktig (det er ikkje naudsynt at det er ein revisor).

I KFUK-KFUM sine vedtekter §2-1 pkt. 5 står det at; «Hovedforeningen ansees som en enhet på lik linje med andre enheter. Hovedforeninger som bare består av innmeldte enheter (og ikke har direkte, personlige medlemmer), teller ikke med etter § 4-2.1h.» Dette vert forstått som at dersom hovudforeininga har direktemedlemmar har hovudforeininga representasjonsrett på landsmøte på

¹⁰ Fordelingsutvalet sitt regelverk §9

¹¹ LNU sine retningslinjer for Frifond organisasjon 2017 §5.3

lik linje med lokale einingar. Tal representantar hovudforeininga kan sende er spesifisert i dei nasjonale vedtektene sin §4-2 pkt 1h. Delegat til landsmøte kan møte frå det året dei fyller 15 år.¹²

Det er tilrådd at det formelt ligg til årsmøtet å utnemne delegat til landsmøtet då det er den mest demokratiske praksisen. Årsmøtet kan vedta å delegere utnemning av delegat til landsmøtet til styret.

Vidare står det i §4-2 pkt. 1 at; «Årsmøtet for en hovedforening kan vedta at enhetens representasjon disponeres av hovedforeningen dersom enheter selv ikke bruker representasjonsretten.».

Dersom ei eining som er knytt til ei hovudforeining ikkje ynskjer å nytte seg av retten sin til å sende delegat til landsmøtet, kan eininga velje å gje hovudforeininga moglegheit til å disponere representasjonsretten. Dette er uavhengig av om hovudforeininga har direkte medlemmar eller ikkje. Eininga må melde frå til hovudforeiningsstyret dersom eininga sitt årsmøte vedtek å ikkje nytte representasjonsretten sin.

§9 VALKOMITÉ

Ein valkomité har ansvar for å finne kandidatar til styreverv. Dersom hovudforeininga ikkje skal ha valkomité, må ein sei noko om korleis ein skal finne kandidatar til styret på ein annan måte/kven som har ansvar for å finne kandidatar til styret, ein anna stad i vedtektene. I følge Norges KFUK-KFUM sine vedtekter 7-3 skal ein i utnemning av komitear og utval så langt det er mogleg ha lik representasjons- og ansvarsfordeling mellom kvinner og menn.

§10 EKSTRAORDINÆRT ÅRSMØTE

Dersom det oppstår ein heilt spesiell situasjon som medlemmar eller styret vil at heile hovudforeininga skal ta stilling til, må det kallast inn til ekstraordinært årsmøte. Dette møtet skal berre behandle dei sakene det er blitt kalla inn til. Paragrafen må innehalde kva som skal til for at det vert kalla inn til ekstraordinært årsmøte. Det vil til dømes sei at det kan kallast inn til ekstraordinært årsmøte når eit visst tal styremedlemmar eller eit tal vanleg medlemmar ber om det.¹³

§11 STYRET

I paragrafen om styret skal det blant anna stå noko om korleis styret skal jobbe, korleis det er samansett, kor mange frå styret som må vere til stade for at styret skal vere vedtaksdyktige og kor lang periode styremedlemmane er valde for. Styret vert valde på årsmøtet og leiar organisasjonen mellom årsmøta. Eit styre bør minimum ha tre medlemmar¹⁴

Praksis i KFUK-KFUM er at det så langt det er mogleg skal vere lik representasjons- og ansvarsfordeling mellom kvinner og menn. Det er også tradisjon for at styreleiar og eventuell nestleiar har ulikt kjønn dersom det er mogleg. For å kunne veljast til styret må ein vere medlem i

¹² Norges KFUK-KFUM sine vedtekter §4-2 pkt. 1

¹³ Tilråding frå Frivillighet Norge «Frivillighetshåndboka»

¹⁴ Tilråding frå Frivillighet Norge «Frivillighetshåndboka» og LNU sin «Miniguide til styrearbeid»

hovudforeininga etter malen sin §3.¹⁵

§12 STYRET SINE OPPGÅVER

Retten til å ta opp nye einingar i KFUK-KFUM ligg til Forbundsstyret¹⁶. Einingar vert automatisk knytt til den krinsen eller regionen den fell inn under¹⁷. På stader/i kyrkjelydar der det er fleire einingar som er meldt inn i Norges KFUK-KFUM og/eller Noregs KFUK-KFUM-Speidarane, kan desse slutte seg saman til ei hovudforeining¹⁸. Eksisterande einingar som ynskjer å knyte seg til ei hovudforeining, må sende ein førespunad til hovudforeininga. Hovudforeininga kan også invitere einingar til å vere ein del av hovudforeininga. Styret (eller ev. årsmøtet) må behandle førespurnadane og gjere ev. vedtak om opptak i hovudforeininga. Einingar har også rett til å melde seg ut av ei hovudforeining.

Endringar i tilknytte einingar må rapporterast til forbundskontoret slik at koplinga mellom hovudforeining og eining kan registrerast i medlemssystemet. Rapporteringa vert gjort ved å sende mail til Medlemsservice på medlem@kfuk-kfum.no.

Praksis for tilsetting av tilsette i krinsar og hovudforeiningar er fastsett gjennom vedteke posedyre for tilsetting. Punkt vedkomande tilsetting må difor stå som oppsett. Prosedyre for tilsetting kan ein få ved å kontakte personalavdelinga.

Alle einingar/hovudforeiningar/krinsar skal levere årsmelding/årsrapport kvart år etter dei retningslinjer og tidsfristar som er sett. Dette er eit krav både gjennom Fordelingsutvalet sine retningslinjer¹⁹ og KFUK-KFUM sine vedtekter²⁰. Godkjend årsmelding skal registrerast i medlemssystemet Connect. Innlogging til Connect: connect.kfuk-kfum.no.

Dersom hovudforeininga har tilsette er det fleire av styret sine oppgåver som det er naturleg å delegere til dagleg leiar.

Praksis ved sal og overdraging av eigedom er fastesett av nasjonale vedteker §2-3.

§13 VOTERINGAR

Endring av vedtektene kan berre skje på eit lovelg innkalla årsmøte eller eit ekstraordinært årsmøte, og det må vere eit fleirtal av medlemmane som ynskjer endring. Dette fordi det skal vere ein litt høgare terskel for å endre eininga si "grunnlov" og for at det skal vere brei einsemd om endringane. Praksis i KFUK-KFUM er at vedtaksendringar krev 2/3 fleirtal.

¹⁵ Norges KFUK-KFUM sine vedtekter §1-6

¹⁶ Norges KFUK-KFUM sine vedtekter §2-1 pkt. 2

¹⁷ Norges KFUK-KFUM sine vedtekter §2-1 pkt. 1

¹⁸ Norges KFUK-KFUM sine vedtekter §2-1 pkt. 5

¹⁹ Fordelingsutvalet sitt regelverk §9, §10 og §26

²⁰ Norges KFUK-KFUM sine vedtekter § 2-1

§14 ØKONOMISK VERKSEMD

Avsnittet er basert på §7-7 i Norges KFUK-KFUM sine vedtekter.

§15 OPPLØYSING OG UTMELDING

Det er viktig at framgangsmåte for ei oppløsning er klargjort i alle vedteker. Dette punkter bør også skildre kva som skjer med organisasjonen sin eigedom og pengar etter oppløysinga. Eigedom og pengar skal ikkje gå til einskildpersonar.²¹

Oppløsning/nedlegging/utmelding av eininga vert rekna som ei vedtektsendring og må vedtakast med 2/3 fleirtal (ref. malen sin §13 ang. voteringar).

Praksis for oppløsning og utmelding av einingar og hovudforeiningar, i tillegg til kva som skjer med eininga sin eigedom og midlar, er fastsett gjennom Norges KFUK-KFUM sine vedtekter §2-2

§15 GODKJENNING AV VEDTEKTER

Norges KFUK-KFUM sine vedtekter seier i §2-1 pkt. 3 at dersom det vert utarbeidd eigne vedtekter eller det vert inngått avtalar ved oppstart, skal desse sendast til Forbundsstyret til godkjenning. Vedtekter sendast til gs@kfuk-kfum.no for godkjenning.

Nyttige lenker:

- Norges KFUK-KFUM sine vedtekter: <http://kfuk-kfum.no/om-oss/organisasjon/vedtektene-vaare>
- Fordelingsutvalet si «Forskrift om tilskudd til frivillige barne- og ungdomsorganisasjoner»: <http://www.Fordelingsutvalget.no/Regelverket/Forskriften/>
- LNU sine retningslinjer for Frifond organisasjon 2017: <http://www.lnu.no/wp-content/uploads/2015/11/retningslinjer-for-frifond-organisasjon-2017.pdf>
- Frivillighet Norge «Frivillighetshåndboka»: http://www.frivillighetnorge.no/filestore/Dokumenter/FrivillighetNorge_august_2016_lavopplselig_oppslag.pdf
- LNU sin «Miniguide til styrearbeid»: <http://www.lnu.no/kurs-og-ressurser/ressursmaterieill/flere-ressurser/>

²¹ Tilråding frå Frivillighet Norge «Frivillighetshåndboka»